

Fra: Evy Kleivane (Evy.Kleivane@hfk.no)
Sendt: 20.05.2015 11:00:53
Til: Opplæringsavdelinga - Postmottak
Kopi: Johan J Meyer; Karstein Oen

Emne: Høyring om organisering av merkantile tenester i skulen
Vedlegg: image003.jpg;image004.jpg

Hei!

Sidan omorganiseringa til ny leiarstruktur i 2008/09, kor me la om ein god del av oppgåvene og overførte mange av dei administrative og ikkje pedagogiske oppgåvene til merkantil avd., har det kome til store endringar for den merkantile avd. òg.

- Mykje grunna reduksjon i type 'plunder og heft' oppgåver som telefonar – då heile personalet har eigen mobil og er tilgjengeleg direkte – treng ikkje gå om ein sentral.
- Post både innkomande og utgåande er sterkt redusert, e-post går som regel direkte til mottakar, elevutsendigar har det blitt mindre av.
- Kontorrekvisita-utstyrs posten/behovet er redusert, då det meste vert laga og lagra elektronisk.
- Stort sett all fakturering går elektronisk, kun internføringar og elevrekningar.
- Oppgåver i høve Lånekassen er redusert
- Eksamensoppgåver er redusert, då denne òg er digital og det i stor grad er mindre av kopiering og organisering av denne.
- Personalportalen har overteke mykje av det arbeidet som merkantil avdeling gjorde før – dei har kun kontrollen att.
- Skulen har fleire eigne bilar og har lite arbeid med reiserekningar etc.

Mitt poeng er at oppgåvene for merkantilt personal er sterkt redusert.

Dette har gjort, for vår del, at me allereie har flytta oppgåver som let seg flytte frå avdelingsleiar og ass.rektor til merkantil avdeling for å frigjera til ped.leiing og for å utnytte ressursane merkantilt.

Det blir særst viktig å sjå behovet av denne type stillingar i høve til skulestorleik. Kvifor er ikkje små skular ein eigen kategori?

Små skular med tronge budsjett, bør ikkje bindast opp i ein merkantil struktur som gjer at me må knipe på det pedagogiske personalet for å imøtekoma ein pålagt merkantil struktur.

Med venleg helsing
 Norheimsund vg skule

Evy Kleivane
 Rektor

Telefon +47 56 55 65 00 | Mobil +47 95 28 97 04 | Adresse Dalatunvegen40, 5600 Norheimsund | [Sjå vår brosjyre](#)

